

Ungdomsspalten

Vi ser tilbake på ulike aktiviteter i løpet av vinter/våren 2022, og dette er viktig å dele med resten av innbyggerane i kommuna. Koronaen kunne endeleg sleppe taket og gje oss muligheiten til å vera saman att og dele opplevingar på tvers av klasser og kommuner.

Med støtte frå ulike aktørarar som Vestre Slidre Sanitetsforeining, Sparebankstiftelsen, Fri Fond og tett samarbeid med ungdomsrådet har det vore ulike aktivitet knytt til Vestre Slidre ungdomsklubb Løfte og Ungdomscamp.

Ungdomscamp vinter 2022

Endelig var det klart for at vi kunne reiser på tur med ei gruppe ungdommar som meldte seg på Ungdomscamp. Vi drog ikkje så langt, men det var god stemning og flotte ungdommar som var klare for å endelig å reise på tur saman. På Brennabu leide vi ei svær hytte med ulike fasilitetar.

Campen bestod av oppmøte fredag kveld med fredags-taco og ulike aktivitetar utover kvelden som Fatbike og Kahoot. Mørkgøymisel var også noko som gav spenning og mykje latter. Vi fekk også besøk av Ukrainske ungdommar som budde i nærleiken, og det var ein glede å sjå korleis dei vart motteke og inkludert av dei norske ungdommane.

Utover dei seine nattetimar og nokre timar på auga var gjengen frisk og raskt oppe til frukost med næringspåfyll for å være ein dag i slalåmbakken på Vaset.

Etter kvart som ungdommane var nøgde med slalåmbakken drog alle heim til sine.

Ei minnerik og flott helg med opplevingar er lagt i minnet. Vi håpar på fleire slike muligheiter. Det kom også fram som eit ynskje frå fleire av ungdommane at dei gjerne ville delta på camp fleire gonger. Det å bli betre kjent på tvers av klasser og kunne bli betre kjent med dei som dei allereie går i klasse med var tilbakemeldingar. Å prøve aktivitetar som ein ikkje har prøvd tidlegare gjer også meistring og gleda av å kunne prøve nye ting.

Ein stor takk til dei to foreldra som stilte opp med å bistå med matlaging og «orden i rekkene».

Vi vil gjerne på tur at med ungdommane 😊



Paintball

Ungdomsrådet beslutta å handle inn paintball-utstyr til bruk for ungdomsaktivitet i tilknytning til klubbkveldar. Ungdomsrådet hadde undersøkt kva ungdommen ynskte av aktivitet og paintball var noko alle klassene hadde øvst på ønskelista. Det er jo kjent at andre ungdomsklubbar i Valsdres har paintball som aktivitetsutstyr. Grunneigar ved gamle asylmottaket i Røn gav ungdommen mulighet til å lage ein paintball-bane der.

Seks frivillige og sterke gutar meldte seg til å delta på dugnad for å lage banen saman med ungdomsarbeiderane. Det var dekk, pallar, presenning, sperreband, tre, og det ein måtte finne til gøymsel og hinder vart banen ganske så klar på ein kveld.

Vi er i oppstart, men har allereie hatt nokre kveldar med paintball. Vi kjem til å ha halde fram med Paint-ball som aktivitetskveldar i tilknytning til klubbkveld, men ikkje kvar onsdag. Det er stor glede og god aktivitet- ein kan nesten lukte adrenalin og spenning.

Det vil også bli arrangert ein Paint-ball dag i summerferien.



Leirduebanen på Slidrestølane

Etter avtale med Vestre Slidre Jeger og fiskarlag og ynskje får ungdommen drog vi opp på Slidrestølane og testa leirdueskyting. Det var 37 ungdommar som møtte og ville prøve seg.

Det var stort engasjement og mange kjente nok i skuldra dagen etter at de hadde prøvd hagle.

Mange vart så «bitt av basillen» at de var klare for å delta på skytekveldar torsdager. Her snakker vi rekruttering og mange fremtidige rypejegere!

VSJFL utalte ungdommen som eksemplariske på skyting denne kvelden. Takk til dere som tok så godt imot oss og lagde en fin mestrings-kveld for ungdommen.



Aktive unge

Som støtte frå ulike aktørar har vi kunne gjennomført dagar i slalåmbakken på Vaset. Der alle som ville har meldt seg på og fått låne det utstyret dei har trengt gratis. Det er mange som nyttar seg av denne muligheita og det er både glede, inkludering og mestringsølelese å sjå i ungdomsgruppa.



Ellers har det vore ordinære klubbkveldar på Løfte. Innimellom har vi hatt ulike aktivitetar som akekveldar, UKM (ung kultur møtast), boblefotball, Kahoot, osv...

Takk for at vi får dele denne fine ungdomstida sammen med dere.

Katrine og Ruben